

UB-statistikken

2020

Utvalde nøkkeltal på områda:

 Personale og økonomi

 Bøker og tidsskrift

 Bruken av biblioteket

 Fagleg aktivitet

Innhald

1	OM RAPPORTEN	3
2	PERSONALE OG ØKONOMI	4
	Årsverk, stillingsgrupper og kjønnsbalanse	4
	Budsjettnøkkeltal for UiT og UB (budsjett og fordeling av midlar)	5
	UBs kostnader på lønn & drift, husleige og litteratur	6
	Litteraturrekneskapen (open tilgang, bøker, tidsskrift/databasar, publiseringsfondet)	7
	Nasjonale indikatorar for universitetsbiblioteka	8
3	BØKER OG TIDSSKRIFT (bestandstal)	10
4	BRUKEN AV BIBLIOTEKET	11
	Besøk, brukarplassar, opningstider og utlånsstader)	11
	Nettenester (UBs nettsider og Oria/Biblioteksøk)	12
	Dei fysiske samlingane (utlån, fjernlån og innlån)	13
	Dei elektroniske samlingane (fulltekst- og multimediedatabasar og andre databasar)	16
5	FAGLEG AKTIVITET	17
	Undervising og rettleiing	17
	Nettkurs	18
	Formidling og publisering	18
	Open vitskap	20
	x Publiseringsfondet	20
	x Open Access, utvikling (på UiT og per fakultet)	20
	x Munin, bestandsutvikling og bruk	21
	x Septentrio Academic Publishing (SAP), status	22
	x Open Research Data / TROLLing.....	23
	x Munin-konferansen	24

1 OM RAPPORTEN

UB-statistikken 2020 presenterer utvalde ressursar og resultat ved UiT Universitetsbiblioteket gjennom året. Rapporten er laga for å gi bibliotekstyret, leiinga og dei tilsette eit faktagrunnlag for å gjere gode vurderingar og ta informerte val på vegner av organisasjonen. Talgrunnlaget byggjer på kjelder av ulik kvalitet, og praksisane for måling og rapportering varierer òg ein del mellom avdelingane. Med betre koordinering/samkøying av dokumenteringsarbeidet kan statistikken i framtida truleg bli eit enda nyttigare verktøy for å få fram eit heilskapleg og presist bilde av UBs mange ressursar, satsingar og tenester – og utfordringar – innanfor det større UiT-systemet.

2 PERSONALE OG ØKONOMI

Årsverk, stillingsgrupper og kjønnsbalanse


Ved utgangen av 2020 hadde Universitetsbiblioteket litt over 105 årsverk. Dette omfattar alt arbeid, inkludert det som mellombels tilsette i engasjement og prosjektstillingar utførte.¹ Dette er ein nedgang på seks årsverk frå 2019. Den samla årsverkproduksjonen ved UiT gjekk i same periode opp med 76 årsverk.

Frå 2016 (etter siste fusjon) til 2020 er talet på årsverk ved UB nesten uendra; nedgangen i perioden er på 1,3 årsverk (-0,9 %). For heile UiT er det i same periode ein auke på 281 årsverk (+8,2 %).

Årsverkproduksjonen ved UiT og UB dei siste ti åra:

Årsverk	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
UiT	2 534	2 568	2 613	2 908	3 083	3 444	3 487	3 511	3 649	3 725
UB	71,4	74,1	90,0	89,9	101,8	106,5	106,6	109,6	110,6	105,2

Årsverka ved UB fordelte på tre hovudgrupper² av stillingar:



Dei siste to-tre åra viser årsverkproduksjonen for bibliotekar-, tekniske og administrative stillingar ein svakt fallande tendens, medan talet på årsverk innanfor undervising, forskning og formidling er forsiktig stigande.

Tabellen nedanfor viser fordelinga av UB-årsverk på stillingsgruppe og kjønn dei siste tre åra. Eit generelt bilde er at kvinnedelen av utførte årsverk på UB er stabilt høg, og dette gjeld særleg i gruppa av bibliotekar-, tekniske og administrative stillingar.

¹ I 2020 blei 11,4 årsverk på UB utførte av mellombels tilsette. Desse årsverka inngår i totalen på 105,2.

² *Bibliotekar-, tekniske og administrative stillingar* inkluderer stillingstitlane bibliotekar, hovudbibliotekar, spesialbibliotekar, overingeniør, senioringeniør, førstekonsulent, konsulent, seniorrådgjevar, seniorkonsulent, rådgjevar og sekretær. *Undervising, forskning og formidling* omfattar tilsette med stillingstittel professor, førsteamanuensis, førstebibliotekar, stipendiat, universitetsbibliotekar og universitetslektor. *Leiartillingar* inkluderer avdelingsdirektør, instituttleder og seksjonssjef.


Årsverk per stillingsgruppe	2018			2019			2020		
	Årsverk	Kvinner	Menn	Årsverk	Kvinner	Menn	Årsverk	Kvinner	Menn
Bibliotekar-, tekniske og administrative stillingar	78,3	54,1	24,2	77,8	55,9	21,9	72,9	51,4	21,5
Undervising, forskning og formidling	25,3	13,5	11,8	26,8	16	10,8	27,3	14,7	12,6
Leiarstillingar	6,0	4,0	2,0	6,0	4,0	2,0	5,0	2,0	3,0
Til saman	109,6	71,6	38	110,6	75,9	34,7	105,2	68,1	37,1
Kjønnsbalanse (kvinnedel av talet på årsverk)	65,3 %			68,6 %			64,7 %		

Budsjett (alle tal i 1000 kr.)

Budsjettnøkkeltal for UiT og UB for perioden 2016 – 2020:

Budsjettnøkkeltal for UiT og UB	2016	2017	2018	2019	2020
UiTs midlar til fordeling	2 924 313	3 291 559	3 174 754	3 320 826	3 432 186
Samla tildeling til UB	117 067	119 202	126 996	142 379	146 322
UBs del av UiTs midlar til fordeling	4,00 %	3,62 %	4,00 %	4,29 %	4,26 %
Total budsjettramme for UB	115 188	123 908	126 996	157 508	162 752
Budsjettert til lønn og drift	64 873	70 408	72 076	100 237	73 312
Budsjettert til litteratur og spes. formål	50 318	53 500	56 400	57 271	58 440

UB sin prosentvise budsjettandel av UiTs samla midlar gjennom det siste tiåret er illustrert her (tredje linje i tabellen ovanfor):




Kostnader (alle tal i 1000 kr.)

Kostnadstal frå UB-rekneskapen for dei siste åra er viste i tre hovudkategoriar og totalt nedanfor. Innsparingar i lønn og drift gjennom 2020 gav ein reduksjon i dei samla kostnadene på nesten 3 millionar. Ifølgje tilgjengelege tal er dette første gongen sidan 2010 at kostnadene går ned frå eitt år til eit anna.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Lønn & drift	48 687	59 343	61 169	67 726	73 544	85 364	78 686
Husleige	30 336	32 840	32 501	32 501	28 181	30 603	30 971
Litteratur	44 835	46 902	50 708	51 992	55 819	58 080	61 470
Totalt	123 858	139 085	144 378	152 219	157 544	174 047	171 127

Det blei budsjettert med eit meirforbruk på lønn og drift på 1 800 tusen kroner. Resultatet ble 1 837 tusen kroner i meirforbruk. På litteratur blei det budsjettert med eit meirforbruk på 3 500 tusen kroner på grunn av ugunstig valuta. Resultatet blei eit meirforbruk på 6 530 tusen kroner.



Litteraturrekneskapen (alle tal i 1000 kr.)

I 2020 blei det innført ei ny kategorisering i litteraturrekneskapen. Det manglar følgeleg tal frå tidlegare år å samanlikne med.

Open publisering blir dekt både av litteraturbudsjettet og publiseringsfondet. Litteraturbudsjettet dekker open publisering i hybrid-tidsskrift gjennom såkalla les- og publiser-avtaler eller transformative avtaler, det vil seie avtaler som inkluderer både lesetilgang og open publisering. I løpet av 2019-2020 gjekk UiT inn på fleire slike transformative avtaler. Kostnadene for desse avtalene er fordelt på kategoriane 'Tidsskrift og databasar' og 'Open tilgang; APC' i rekneskapen, med unnatak av dei avtalene som ikkje skil mellom abonnement- og publiseringskostnad. Dei ligg berre i kategorien 'Tidsskrift og databasar' sjølv om avtala òg dekker open publisering.

Litteraturbudsjettet dekker i tillegg open publisering gjennom kollektivt finansierte tiltak. Kollektivt finansierte betyr at publiseringsavgiftene ikkje er knytte til ein einskild forfattar eller artikkel, men blir finansierte i kulissane ved at mange institusjonar bidrar med litt, for eksempel gjennom å betale ei medlemsavgift.

Open tilgang	2020	Sum
APC	4 597	4 878
Kollektivt finansierte tiltak	281	
Bøker		
Brukarstyrte kjøp	1 724	6 188
Bøker i abonnement	1 252	
Enkelttitlar/pakkar	3 212	
Tidsskrift og databasar		
Konsortieavtalar UNIT	28 049	50 341
Tidsskrift og databasar	22 292	
Særskilte formål		
Kopiar	63	63
Totalt		61 470

Publiseringsfondet dekker publisering i opne tidsskrift. Som tabellen viser, har omfanget av dette auka jamt og trutt dei siste åra. Veksten i utbetalingar for å understøtte publiseringar i opne tidsskrift var ekstra stor frå 2019 til 2020 (+79 %).

Publiseringsfondet	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Bokførte utgifter	640	1 267	1 736	1 742	2 281	3 472	3 335	5 966


Nasjonale indikatorar for universitetsbiblioteka



Hovudtabell for 2020 med tal på brukarar, årsverk, lån/nedlastingar og innkjøpskostnad:

Institusjon	Primærbrukarar per bibliotekårsverk	Reine bibliotekårsverk	Utlån og nedlastingar per primærbrukar	Innkjøpskostnad per primærbrukar	Innkjøpskostnad	Primærbrukarar (tilsette)	Primærbrukarar (studentar)	Primærbrukarar (eksterne)
Nord	271,6	33	136,3	1 392,5	12 481 209	871	7 629	463
NMBU	311,1	18	222,5	2 751,2	15 403 763	896	4 703	0
NTNU	376,4	128	191,8	2 242,7	108 047 476	5 125	32 021	11 032
OsloMet	346,0	49	92,7	1 046,5	17 743 687	1 434	15 521	0
UiA	403,7	26	231,3	1 437,2	15 084 706	961	9 535	0
UiB	153,4	107	228,5	4 476,0	73 488 007	2 549	13 870	0
UiO	254,5	153	124,9	2 886,2	112 380 965	3 876	18 815	16 247
UiS	304,0	43	129,7	1 308,4	17 105 348	1 022	8 577	3 475
UiT	191,3	74	536,5	4 342,9	61 469 955	2 331	11 823	0

Kjelde: NSD/DBH

Dei grønmarkerte indikatorane i tabellen ovanfor er samanstilte for perioden 2016-2020 her:







Som stolpediagramma viser, ligg UiT/UB nærast opp til måltala for Universitetsbiblioteket i Bergen når det gjeld *primærbrukarar per biblioteksverk* og *innkjøpskostnad per primærbrukar*. Og som i 2019 ligg vi høgt over dei andre universitetsbiblioteka på indikatoren *utlån og nedlastingar per primærbrukar*.

3 BØKER OG TIDSSKRIFT

Diagramma nedanfor viser utviklinga i bok- og tidsskriftsbestanden. Ved utgangen av 2020 hadde UB drygt 780 000 trykte bøker og vel 790 000 elektroniske bøker. Mengda av elektroniske bokressursar passerte den fysiske bestanden i 2019.



Tidsskriftbestanden gjeld tal på titlar, dvs. kvart tidsskrift blir talt éin gong same kor mange abonnement eller eksemplar UB har. Medan bestanden av trykte tidsskrift held fram med å søkkje, var auken i e-tidsskrifttitlar frå 2019 til 2020 markant.



4 BRUKEN AV BIBLIOTEKET

Besøk, brukarplassar, opningstider og utlånsstader

På grunn av koronapandemien blei talet på besøk og bruken av det fysiske biblioteket sterkt redusert i 2020. I tillegg til fleire stengde dagar, blei det av smittevernomsyn også nødvendig å ta ned talet på brukarplassar. Talet på utlånsstader ved UB gjekk òg ned frå 11 til 10 då Lærarutdanningsbiblioteket i Mellomvegen blei flytta til KS-biblioteket i Breivika.

Manglande servertilgang og svikt i teljesystemet på fleire bibliotek gjorde det vanskeleg å utarbeide ein fullstendig besøksstatistikk for 2020. Besøket dette året er difor estimert på bakgrunn av dei målingane som *kunne* gjennomførast gjennom våren og hausten. Det estimerte besøksstalet på 394 409 i 2020 utgjer 62 % av besøket i 2019 (640 926) og 68 % av besøket i 2018 (577 821).

Besøksstal for Universitetsbiblioteket 2020		
Periode → ↓ Bibliotek	Veke 1 - 32 30. des. - 9. aug. (estimert/reg. besøk)	Veke 33 - 53 10. aug. - 3. jan. (registrert besøk)
Alta	21 265	22 118
PJ	25 341	26 922
NH	23 267	24 442
KS	83 188	88 820
Narvik	11 394	12 251
Harstad	15 210	16 750
Hammerfest	4 061	4 492
Musikkbibl	4 671	5 211
KA	1 328	1 565
Museumsbibl	970	1 143
Totalt:	394 409	


Besøksstal for UB 2015 - 2019	
2015	537 534
2016	652 872
2017	519 027
2018	577 821
2019	640 926

Ved utgangen av 2020 var det faktisk tilgjengelege talet på brukarplassar ved UBs 10 utlånsstader 979. Dette er 588 færre enn det tilsvarande talet året før (1567).

KS-biblioteket, som er avdelinga med lengst betjent opningstid, hadde 253 opningsdagar i 2020 mot 304 året før.

Nettenester (UBs nettsider og Oria/Biblioteksøk)

UBs nettsider³ hadde totalt 5 022 177 sidevisningar i 2020. Dette er så mykje som 70 % meir enn året før. Det er ikkje utenkeleg at den store auken kan ha med koronapandemien, meir studiearbeid heimanfrå og mykje nettbasert undervisning å gjere. Òg talet på besøk i Oria/Biblioteksøk viser ein sterk oppgang frå 2019 til 2020 på bortimot 88 % (statistikk over enkelt og avansert søk manglar dessverre for 2020).




Oria	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Besøk		134 536	280 338	321 554	381 748	403 094	756 390
Enkelt søk	187 056	380 720	681 974	718 081	716 837	665 653	
Avansert søk	14 538	32 850	47 359	46 129	56 393	47 198	

³ Nemninga **UBs nettsider** omfattar sider som høyrer til under uit.no/ub, result.uit.no, munin.uit.no, septentrio.uit.no og andre sider på ub.uit.no.

Dei fysiske samlingane (utlån, fjernlån og innlån)

Utlån


Utlånet av bibliotekets fysiske ressursar har gått jamt nedover, og 2020 var ikkje noko unnatak – snarare tvert om. Frå å ha lege på mellom 80 og 100 tusen i mange år, fall utlånet i 2020 markant med nesten 20 tusen. Alle UBs avdelingar tok del i nedgangen. Linjediagrammet illustrerer denne utviklinga, medan tabellen nedanfor spesifiserer talet på ekspederte lån ved kvart bibliotek sidan 2016.



UB/utlånsstad	2016	2017	2018	2019	2020
Alta	10 404	10 178	10 003	11 219	8 111
Hammerfest	2 840	3 048	2 516	2 554	1 365
Harstad	4 503	9 110	9 168	8 795	6 566
Kultur og samfunn	24 358	23 162	23 156	22 262	19 985
Kunstakademiet	68	218	144	217	170
Lærarutdanning	8 978	9 323	9 196	8 901	3 047
Museum	1 347	1 661	1 129	1 214	1 123
Musikk	3 583	3 924	4 001	3 637	2 937
Narvik	3 427	4 872	4 327	4 051	2 640
Natur og helse	14 836	15 192	14 297	14 159	9 765
Psykologi og jus	5 286	5 704	6 742	5 829	4 457
Totalt	79 630	86 392	84 679	82 838	60 166


Fjernlån

Øg fjernutlånet til andre bibliotek har vist ein klar og fallande tendens over nokre år. Etter 2016 bremsa nedgangen opp, men frå 2019 til 2020 er reduksjonen igjen tydeleg (-22 %).




KS-biblioteket stod for brorparten av fjernutlånet (ca. 52 %) i 2020, medan KA-biblioteket berre ekspederte 10 slike lån (ein nedgang på nesten 70 % frå året før).

Også utsending av artikkel- og bokkapittelkopiar til andre bibliotek er på retur, som vist nedanfor. Som for det ordinære fjernutlånet har det òg her vore ei utflating etter 2016, men tendensen er likevel fallande.




Innlån

Det samla innlånet av (hovudsakleg) bøker frå andre bibliotek viser den same utviklinga som ordinært utlån og fjernlån, dvs. reduksjon fram til 2016, deretter utflating og ny svak nedgang. UBs innlån i 2020 var på berre 16 % av kva det var i 2011.



2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
5 146	4 307	4 397	3 791	2 228	1 227	1 203	1 356	1 174	830


541 mottekne kopiar i 2020 er det lågaste som er registrert i UB-statistikken til no. Parameteren følgjer same hovudtendens som fjernlånet og innlånet av bøker.




2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
2 333	2 038	1 649	1 337	1 244	606	705	640	728	541

Dei elektroniske samlingane

Fulltekst- og multimediedatabasar er samlingar av originaldokument, til dømes bøker, periodikum, rapportar, tidsskriftartiklar, musikaliar, kartografiske og grafiske dokument og AV-dokument, der heile eller vesentlege delar av dokumenta er tilgjengelege elektronisk. Stolpediagrammet nedanfor viser tal på søk og nedlastingar/straumar i desse databasane dei siste fem åra. Søk er definert som ei unik spørjing frå ein brukar til ein database, og dette blir registrert kvar gong eit søkjespørsmål vert sendt til serveren. Ei nedlasting/ein straum er definert som ei vellukka nedlasting eller avspeling av eit elektronisk dokument til lagring, visning på skjerm, lytting eller utskrift.



Andre databasar er eksempelvis referansedatabasar, bibliografiske databasar, oversikter/katalogar, leksikon, ordbøker, lovtekstar, finans- og statistikkdatabasar osb. Bruk av eigen bibliotekskatalog er ikkje med her.




5 FAGLEG AKTIVITET

Undervisning og rettleiing

Grafen nedanfor viser omfanget av undervisning i regi av UB og inkluderer både formaliserte kurs og rettleiing til enkeltstudentar. 300 kurs/rettleiingar på i alt 786 timar med 5326 deltakarar blei registrerte i 2020. Dette er ein liten nedgang frå året før som ifølgje UBs faggruppeleiar for undervisning kan skuldast COVID-19. Talet på arbeidstimar (arbeidstid brukt) viser ein tilsvarande nedgang.

Av 300 undervisningsopplegg i 2020 var 147 timeplanfesta, 44 frittstående og to av typen «drop in». 95 av dei 300 registrerte undervisningane var førehandsavtalte rettleiingar, medan 12 var eksterne oppdrag.

Grunnivå inkluderer undervisning retta mot bachelorstudentar eller som er open for alle. *Avansert nivå* gjeld all annan undervisning/rettleiing, inkludert den som er retta mot master- og doktorgradsstudentar og tilsette. I 2020 var 125 av kursa/rettleiingane på grunnnivå og 175 på avansert nivå.



Dei fleste undervisningsopplegga i regi av UB i 2020 blei gjennomført på hausten (i månadene august–november). Målt i timar var 63 % av dei retta mot studentar og tilsette ved Helsefak og HSL-fakultetet.

Tal på deltakarar

	2016	2017	2018	2019	2020
Totalt	5118	7094	7479	8116	5326

Arbeidstimar

	2016	2017	2018	2019	2020
Rein undervisning (inkl. føre- og etterarbeid)	1 419	1 863	2 100	2 121	1 464
Rettleiing	124	192	164	194	298
Totalt	1 543	2 055	2 264	2 315	1 762

Nettkurs

iKomp er UBs nettkurs i informasjonskompetanse som fokuserer på bl.a. kjeldebruk og læringsstrategiar. Det er særst populært, og frå 2021 er kurset tilgjengeleg i tre språkversjonar (bokmål, nynorsk og engelsk). I 2020 fekk kurset 2962 påmeldingar og nesten 3000 kursbevis blei utskrivne. Dette er dei høgste tala som så langt er registrerte for iKomp.

[iKomp]		2016	2017	2018	2019	2020
Påmelde	<i>norsk</i>	1 623	2 151	2 298	2 250	2 857
	<i>engelsk</i>	310	106	150	144	105
	<i>totalt</i>	1 933	2 257	2 448	2 394	2 962
Utskrivne kursbevis	<i>norsk</i>	1 173	1 384	1 462	1 606	2 869
	<i>engelsk</i>	22	32	66	73	112
	<i>totalt</i>	1 195	1 416	1 528	1 679	2 981

Plagiat, som er UBs nettkurs for tilsette om strategiar og metodar for å motverke plagiering, hadde 25 påmeldingar i 2020 (ein nedgang på ca. 50 % frå året før). Ingen kursbevis blei utskrivne.

Formidling og publisering

Tabellen nedanfor viser den totale formidlings- og publiseringsaktiviteten til UB-tilsette i perioden 2011-2020. Samla sett er nedgangen i 2020 på 24 % samanlikna med året før. Og som førre året er det spesielt talet på føredrag som er med på å trekke totalen ned. Talet på tidsskriftpublikasjonar frå UB-tilsette si side er derimot ganske stabilt.


Kategori	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Bok	3	2	6	3	4	1	5	1	1	2
Del av bok/rapport	4	8	20	9	14	15	3	4	7	6
Føredrag	23	23	24	59	76	59	60	49	37	22
Informasjonsmateriale		1			2	5	2		1	
Kunstnerisk produksjon	1	1		3			1	1		
Mediebidrag		2		7			1	1	6	4
Omsetjingsarbeid							1			1
Produkt					4	2	1			
Rapport/avhandling	9	5	6		10	10	6		3	1
Tidsskriftpublikasjon	15	21	20	31	19	21	18	24	19	20
Utstilling			2	1				1		
Totalt	55	63	78	113	129	113	98	81	74	56

Kjelde: Cristin

Publikasjonar og publiseringspoeng


I offisielle statistikkar er det berre teljande/poenggivande publikasjonar som blir rekna med. For UB sin del er desse tala summerte opp for dei fem siste åra nedanfor (2016-2020). Som i 2019 fekk UB godkjent 16 publikasjonar i 2020. Ni av desse var tidsskriftsartiklar, medan seks var antologikapittel og den siste ein

monografi. 12 av publikasjonane var på nivå 1 og fire på nivå 2. UB blei kreditert 13,4 poeng for desse 16 publikasjonane – ein auke på 2,1 frå 2019 då altså talet på publikasjonar var det same.



Kjelde: NSD/DBH

For å få eit samanlikningsgrunnlag mellom avdelingar i sektoren er det vanleg å sjå publiseringspoeng opp mot *talet på fagårsverk og førstestillingar* ved dei same einingane. Nedanfor er UBs publiseringsresultat for 2016-2020 difor vist grafisk ved sida av tilsvarende tal for fem utvalde UiT-fakultet. Publiseringa ved UB står seg godt opp mot resultata ved dei utvalde fakulteta. UB har òg ein auke på begge parameterane frå 2019 til 2020, og ligg høvesvis som nummer to og tre når ein ser på dei absolutte parameterverdiane i dette selskapet.



Kjelde: NSD/DBH

Open vitskap

UB skal vera ein nasjonal og internasjonal pådrivar i arbeidet for open vitskap (jf. Strategi for UB 2018-2022). Nedanfor talfestar vi ein del av aktiviteten på dette området.

Publiseringsfondet

UB forvaltar UiTs publiseringsfond, som gjev støtte til dekning av utgifter til forfattarbetaling i tidsskrift med open tilgang («Open Access»). Fondet blei etablert for å kunne følgje opp etableringa av UiTs OA-retningslinjer i 2010. Tabellen nedanfor viser talet på publikasjonar og totalt støttebeløp som fondet har gitt tilsegn om kvart år i perioden 2011-2019 (merk at beløpa her gjeld tilsegn/lova støtte gjennom året og ikkje faktisk ytt/rekneskapsført beløp, sjå kap. 2 for detaljar om sistnemnde).

Publiseringsfondet

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Tal på publikasjonar	23	38	69	94	98	134	169	212	201	340
Beløp (i 1000 kr)	157	326	737	1 233	1 453	2 205	2 600	3 737	4 001	7 102

Open Access

Open Access (OA) handlar om å gjera vitskapelege dokument opne og tilgjengelege for alle. Gjennom forvaltninga av UiTs kunnskapsarkiv Munin og UiTs OA-publiseringsløyising Septentrio bidrar UB til at forskingspublikasjonar frå UiT blir gjorde fritt tilgjengelege. Tala nedanfor seier noko om kor langt UiT og fakulteta har kome i dette arbeidet – og kor mange av UiTs vitskapelege publikasjonar som er ope tilgjengelege.


Talet på *artiklar totalt* er DBHs tal på artiklar som UiT er «med på». *Gull-OA artiklar* er her artiklar i tidsskrift som er opne. *Total OA* er tal på artiklar som er gjorde tilgjengelege i Munin, medan *grøn OA* er talet på artiklar i Munin som ikkje er gull-OA, altså artiklar i abonnementstidsskrift som vi har kunna gjere tilgjengelege.

Avd. v/ UiT	Publiserte artiklar			Artiklar i Munin/ med fulltekst			Total OA-del per fakultet		
	2018	2019	2020	2018	2019	2020	2018	2019	2020
Adm	3	1	4	1	1	4	33,3 %	100,0 %	100,0 %
Helsefak	821	808	788	542	808	788	66,0 %	88,0 %	92,6 %
NT-fak	363	380	447	270	334	393	74,4 %	87,9 %	87,9 %
HSL	250	320	296	178	282	269	71,2 %	88,1 %	90,9 %
BFE	312	317	390	224	317	366	71,8 %	92,1 %	93,8 %
Kunsthfak	9			9			100,0 %		
Jurfak	21	22	35	8	22	30	38,1 %	100,0 %	85,7 %
IVT-fak	58	50	72	45	48	65	77,6 %	96,0 %	90,3 %
TMU/Naum	43	45	59	33	30	53	76,7 %	66,7 %	89,8 %
UB	11	12	9	9	12	9	81,8 %	100,0 %	100,0 %
UiT totalt ^{*)}	1819	1868	2015	1259	1635	1836	69,2 %	87,5 %	91,1 %

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Totalt tal på artiklar for UiT	1059	1293	1365	1358	1438	1608	1637	1660	1819	1868	2015
Gull-OA-artiklar	84	201	297	271	363	389	420	431	605	613	753
Gull-OA i % av alle artiklar	7,9 %	15,6 %	21,8 %	20,0 %	25,2 %	24,2 %	25,7 %	26,0 %	33,3 %	32,8 %	37,4 %
Total OA	113	347	432	451	630	724	786	1074	1259	1635	1836
Grøn OA (eigenarkivering)	29	146	135	180	267	335	366	643	654	1022	1083
Total OA-del	10,7 %	26,8 %	31,6 %	33,2 %	43,8 %	45,0 %	48,0 %	64,7 %	69,2 %	87,5 %	91,1 %
Grøn OA i %	2,7 %	11,3 %	9,9 %	13,3 %	18,6 %	20,8 %	22,4 %	38,7 %	36,0 %	54,7 %	53,7 %

Munin, bestandsutvikling og bruk

UB forvaltar Munin, kunnskapsarkivet til UiT. Arkivet starta opp i 2006. Det stabla stolpediagrammet viser bestandsutviklinga for dei mest aktuelle dokumenttypane siste fem år. Tabellen nedanfor summerer opp det samla innhaldet (alle dokumenttypar) i Munin inkludert tal for den årlege tilveksten sidan 2011.



Totalt innhald i Munin ved slutten året (årleg auke i kursiv nedst):

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
	3342	4302	5353	6645	8144	9798	11135	12849	15454	19790
<i>Tilvekst:</i>		960	1051	1292	1499	1654	1337	1714	2605	4336

I Munin blei det i 2020 registrert 4 488 599 sidevisningar (ekskl. nedlastingar), 1 688 030 postvisningar og 6 098 909 filnedlastingar. Automatisk trafikk («bot-trafikk») er forsøkt halden utanfor. Tala er rettleiande.

Septentrio Academic Publishing

UB forvaltar òg UiTs publiseringsteneste Septentrio Academic Publishing (SAP), som gjev ut tidsskrift og seriar med tilknytning til UiT. Den første tabellen gjev eit oversyn over innhaldet av tidsskrift og seriar i Septentrio per 2020, medan den etterfølgjande tabellen gir ein indikasjon på bruken av SAP i form av tal på fulltekstnedlastingar sidan 2016.

Innhald/status:

Tidsskrift/serie	Nivå	Felt	I DOAJ	I SAP sidan
Arina: Nordisk tidsskrift for kvensk forskning / Pohjoismainen kveenitutkimuksen aikakausjulkaisu	1	Kvensk lingvistikk	Nei	
Borealis	1	Spansk lingvistikk	DOAJ Seal	2012
Målbryting	1	Norsk lingvistikk	Nei	1998
NAMMCO Scientific Publications	1	Nordatlantiske marine pattedyr	DOAJ Seal	1998
Nordisk tidsskrift for helseforskning	1	Helsefag	DOAJ Seal	2009
Nordlit	1	Litteratur- og kulturfag	DOAJ Seal	1997
Nordlyd	1	Lingvistikk	DOAJ Seal	2003
Poljarnyj vestnik	1	Slavistikk	DOAJ Seal	1998
Proceedings of the Northern Lights Deep Learning Workshop	1	Dyplæring	Nei	2020
Rangifer	1	Rein og reindrift	DOAJ Seal	1981
Sjuttonhundratal	1	Historie: 1700-tallet	Ja	2004
Aurorae Borealis Studia Classica	Nei	Historie: Vitskapshistorie	Nei	2016 (1724)
The Nansen Legacy Report Series	Nei	Naturvitskap	Nei	2020
Nordic Perspectives on Open Science	Nei	Open Science	Nei	2015
Open Science Talk	Nei	Open Science	Nei	2018
Ravnetrykk	Nei	Varia, humaniora	Nei	1997
Samisk senters skriftserie	Nei	Humaniora, samfunnsfag	Nei	2012
Septentrio Conference Series	Nei	Konferansepresentasjonar m.m.	Nei	2010
Septentrio Educational	Nei	Læremateriell m.m.	Nei	2001
Septentrio Reports	Nei	Rapporter, notat m.m.	Nei	2001
UiT School of Business and Economics Working Papers in Economics	Nei	Økonomi	Nei	2020



Bruk/fulltekstnedlastingar:

	2016	2017	2018	2019	2020
Rangifer	93 763	80 971	79 955	135 520	124 848
Nordlit	66 293	56 260	71 201	87 617	89 761
Nordisk tidsskrift for helseforskning	30 937	39 214	40 250	46 197	54 535
Nordlyd	22 777	21 776	23 185	23 125	22 506
Sjuttonhundratal	20 690	17 005	23 022	44 083	31 044
NAMMCO Scientific Publications	13 628	13 215	16 565	16 769	15 020
Borealis	9 133	13 311	16 250	19 009	23 516
Septentrio Conference Series	8 907	10 693	12 729	26 548	18 950
Poljarnyj vestnik	9 104	8 948	7 557	11 598	9 119
Ravnetrykk	202	291	3 873	9 347	6 677
Septentrio Reports	1 083	1 671	2 780	5 512	7 834
Nordic Perspectives on Open Science	812	887	1 815	1 421	1 798
Septentrio Educational	981	1 217	920	2 291	3 516
Samisk senters skriftserie	775	591	755	707	600
Aurorae Borealis Studia Classica	49	223	300	1 008	1 628
Målbryting				4 683	8 659
Proceedings of the Northern Lights Deep Learning Workshop					1 652
Arina: Nordisk tidsskrift for kvensk forskning / Pohjoismainen kveenitutkimuksen aikakausjulkaisu					641
UiT School of Business and Economics Working Papers in Economics					114
Totalt	279 134	266 273	301 157	435 435	422 304

UiT Open Research Data og TROLLing

UB ivaretar òg UiTs arkiv for opne forskingsdata, **UiT Open Research Data**, og det særskilte **TROLLing**-arkivet for språk- og lingvistikkdata. Stolpediagramma nedanfor viser kor mange datasett som er gjort tilgjengelege via desse publiseringsløysingane kvart år sidan 2016 (Open Research Data) og 2014 (TROLLing).

Sjølv om tala for akkurat 2020 viser ein krass nedgang for UiT Open Research Data, har publiseringssrata alt i alt skote i vêret etter 2017. Det indikerer at arkivet er viktig og kan spele ei viktig rolle for å få til meir systematisk behandling, ivaretaking og tilgjengeleggjering av forskingsdata i framtida.



Munin-konferansen

Munin-konferansen om vitenskapleg publisering med fokus på open tilgang har vore arrangert av UB sidan 2006. Figuren viser kor mange deltakarar konferansen har hatt dei siste ti åra.

I 2020 var talet på påmelde 385 – ei meir enn dobling frå året før. I 2020 var Munin heildigital, med den følge at deltakarar som elles ville ha måtte reist til Tromsø ikkje måtte dekke reise- og opphaldsutgifter. Det ble difor langt fleire utanbys deltakarar enn normalt, spesielt utanlandske. Men «oppmøteplikta» ved ei slik påmelding er ikkje like sterk som når det drar med seg kostnader, så det var nok ikkje alle som stilte opp. Nokon følgde òg berre delar av konferansen.

